



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2015	Levekårsutvalet	PS	09.11.2015
94/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA - G60, TI - &01	15/1596

### TENESTEAVTALE 8 - SAMHANDLING INNAN SVANGERSKAPS- FØDSELS- OG BARSELOMSORG

#### Vedlegg:

Tenesteavtale 8 til behandling i kommunestyra og styra i føretaket.  
rutiner tenestavtale 8

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

#### Levekårsutvalet - Sak 21/2015

##### **LEV - Behandling:**

Samråystes vedtak.

##### **LEV - Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

#### Kommunestyret - Sak 94/2015

##### **KOM - Behandling:**

Samråystes vedtak.

##### **KOM - Vedtak:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorg med vedlagde rutine.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Samarbeidsutvala innan føretaksområdet til Helse Bergen vedtok i desember 2013 å starta opp prosess med sikte på å utarbeida ny tenesteavtale 8 med tilhøyrande rutine. Bakrunnen var ønske frå kommunar i Nordhordaland om å gjera tenesteavtalen meir overordna, og at det er komme ny nasjonal rettleiar IS 2057 «Nytt liv og trygg barseltid for familiar».

Det vart vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til ny tenesteavtale for styre- og kommunestyrehandsaming, og med ei tilhøyrande retningslinje som inneheld nødvendige faglege rutinar. Avtalen og rutinane skulle så langt som mogeleg byggja på eksisterande tenesteavtale, med naudsynte justeringar og tilføyinger på bakgrunn av ny nasjonal rettleiar.

Arbeidsgruppa har vore samansett av representantar frå Helse Bergen, sekretariatsressurs frå SSE samt brukarrepresentant frå Helse Bergen sitt brukarutval og kommunale representantar melde inn frå leiarane i Samarbeidsråda.

Arbeidsgruppa har hatt fire møte og ein del korrespondanse på mail. Arbeidet har teke utgangspunkt i eksisterande samarbeidsavtalar, i dei nye retningslinjene for barselomsorg og i erfaringar frå samarbeidet på fagområdet. Arbeidsgruppa var samd i at den eksisterande avtalen i all hovudsak har virka slik han skulle. Det har likevel vore behov for forbetring, og etter arbeidsgruppa si mening er den nye avtalen meir oversikteleg og ryddig og tydelegare når det gjeld ansvarsfordeling.

Den reviderte tenesteavtale 8 med tilhøyrande rutine var planlagt handsama i Samarbeidsråda i november 2014. På grunn av behov for juridisk gjennomgang tok saka noko meir tid enn planlagt. Informasjon om gjeldande avtalar m.m. er tilgjengeleg på partane si felles nettside [www.saman.no](http://www.saman.no)

### Arbeidsgruppa sine vurderingar:

Elektronisk samhandling: Det er ei stor utfordring at det ikkje er etablert elektronisk samhandling mellom føde/barselavdelingane og kommunane. Dette er eit svakt ledd i samhandlinga og det må få høg prioritet å komma i gang med elektronisk samhandling og informasjonsutveksling.

Nye retningslinjer for barselomsorga: I nye nasjonale retningslinjer for barselomsorga «Nytt liv og trygg barseltid for familien» vert det tilråda større prioritering av innsatsen dei første fjorten dagane etter fødselen. Den reduserte liggjetida i sjukehus etter fødsel er gradvis innført som ledd i ei effektivisering og reduksjon av kostnader ved helseføretaka, og denne tida vil mest sannsynleg verta redusert ytterlegare i tida som kjem. Det er også fagleg gode og vel dokumenterte grunnar for tidleg heimreise etter fødsel der det er eit organisert tilbod om oppfølging i heimen. Brukarundersøkingar viser også at pasientar er godt nøgde med dette tilbodet. Retningslinja tilrår mellom anna at kvinner som reiser tidleg heim, får tilbod om to heimebesøk av jordmor, noko som prinsipielt er eit kommunalt ansvar.

Kommunane har så langt ikkje kunne prioritera å imøtekamma denne tilrådinga, og det er derfor ikkje tatt til følgje i den nye avtalen. Det er likevel fleire kommunar (utanfor Bergen) som har etablert eller er i gang med å etablira ulike former for tilbod om oppfølging i heimen etter tidleg heimreise.

Tydeleggjering av ansvar: I den nye avtalen er ansvarsfordelinga for mor og barn dei første fem dagane etter fødselen tydeleggjort i større grad enn i den eksisterande avtalen, men det er ikkje gjort vesentlege endringar i innhald.

Oppfølging etter heimefødsel: Det er behov for å tydeleggjera mor og barn sine rettar til kommunale tenester og sjukehusnester etter heimefødsel. Heimefødsel har lite omfang i vårt opptaksområde, og det er så langt me kjenner til, berre to jordmødre som yter fødselshjelp i heimen, d.v.s. har privat praksis. Fødselshjelp er ei spesialhelseteneste uansett kvar den føregår, og planlagt heimefødsel med jordmor er ikkje del av det offentlege tilbodet her i landet. Det er ikkje krav om at privatpraktiserande jordmødre skal laga avtale med helseføretaka eller den kommunale helse- og

omsorgstenesta, men det er utarbeida nasjonale retningslinjer for heimefødsel for å sikra pasienttryggleiken (<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/671/Hjemmefødsel-retningslinje-IS-2012.pdf>) , og oppmodinga om å inngå avtalar ligg i utgangspunktet på dei privatpraktiserande jordmødrene. Sitat: «*For jordmødre som bistår ved hjemmefødsler er det særlig viktig å utvikle og praktisere betryggende seleksjons- og overføringsrutiner, ha etablert kontakt med lege og sykehus som kan gi nødvendig bistand i uventede og kritiske situasjoner, samt rutiner ved overføring til sykehus. Det er også nødvendig med vedlikehold og oppdatering av kunnskap, herunder tiltak som sikrer relevant, praktisk erfaring med fødselshjelp.*»

Det er nedfelt eit generelt punkt i den nye avtalen som omhandlar mor/barn sin rett til kommunale tenester og sjukehusnester etter heimefødsel. Det er ikkje utarbeida konkrete rutinar for oppfølging etter heimefødsel i den nye tenesteavtalen, då det føreset at dei privatpraktiserande jordmødrene som yter fødselshjelp i heimen i tillegg til barneklinikken er part i dette. Kvinneklinikken i Bergen (KK) har tidlegare tilråda heimefødselsjordmødrene å inngå avtale om oppfølging av barnet. KK tek eit nytt initiativ overfor privatpraktiserande jordmødre for å laga avtale om heimefødsel, helst saman med barneklinikken.

### **Vurdering**

Det vert tilråda å vedta den framlagde reviderte tenesteavtale 8 med vedlagde rutine.

Det er lagt til grunn av avtalane skal godkjennast i kommunestyra.